

Samtale Med Jon Fosse

Diana CIOT-MONDA¹



Photo: Tom A. Kolstad/Det Norske Samlaget

Copyright © Tom A. Kolstad/Det Norske Samlaget

Jon FOSSE, born in 1959 in Strandebarm in the Hardanger region, is a Norwegian dramatist, prose writer and poet and is considered one of the most important contemporary writers. In 2015 he won the *Nordic Council for Literature Grand Prize* and in 2022 he was shortlisted for the *Booker Prize*. He writes in Nynorsk, one of Norway's official written languages, and his works have been translated into more than 50 languages, including Romanian. Internationally known especially for his plays, Jon Fosse and some of his writings are also studied at the Faculty of Letters in Cluj-Napoca, Department of Scandinavian Languages and Literature.

Fosse's literary career began in the late 1980s with his debut novel, *Raudt, svart* (Red, Black), an introspective and intense work, where he balances the tension between mind and reality. His works as a playwright started in 1993

¹ **Diana CIOT-MONDA** has a BA in English and Norwegian from Babeş-Bolyai University, Faculty of Letters, Cluj-Napoca, Romania. Email: dianaciotmonda03@gmail.com.

and gave him widespread recognition and critical acclaim. One of Fosse's most notable works is the *Himmelrike* (Heaven Trilogy), consisting of three plays: *Naustet* (The Boat House), *Nokon kjem til å komme* (Someone Is Going to Come), and *Eg er vinden* (I Am the Wind). This trilogy, along with other plays such as *Vinter* (Winter) and *Natta syng sine songar* (Night Sings Its Songs), solidified Fosse's reputation as a leading figure in contemporary European literature. He made significant contributions to other areas of literature. In addition to his drama, Fosse has written novels, poetry, and short stories, but also non-fiction. One notable non-fiction work is *Kaptein Nemos bibliotek* (Captain Nemo's Library), published in 2008 – a compilation of essays where he reflects upon subjects such as literature, art and philosophy. He expresses personal insights, thoughts and reflections.

His atmospheric works are influenced by landscape and imagery, but also unveil a strong psychological voice, an alternative way of shaping thoughts. Jon Fosse's writing is immersive due to its waviness. His prose is like a flow of poetry, like a river or the fjord from where he grew up – peaceful, connecting, wavy, yet steady. His novel *Det er Ales* was one of the three main texts discussed in my bachelor's thesis, which is a comparative analysis of the reconstruction and rewriting of the Old Norse myths. This interview is vital in demonstrating how these popularized external mythical creatures are internalized and inherited in contemporary Norwegian literature at a deeper level.

This interview focuses on showing the connection between the Nordic landscape, the past, and artistic inspiration as observed in Jon Fosse's works, especially in his contemplative novel, *Det er Ales*. Jon Fosse talks about literature, myths, the past, loneliness, life, and death in this dialogue. He genuinely explains how the sensation of being close to the natural elements can be conveyed through literature and how the most intimate feelings can transform, on a larger scale, into something general. A myth, if experienced in the appropriate and unique landscape, can trigger a new connection between the past and the present – a specific and primordial melancholy. At least, this is what this interview and Jon Fosse's answers express. Through rewriting, *gjengangere*, as well as other mythological creatures, become feelings, sensations, embodiments and visions of both past and future at the same time. The aim of this interview is to showcase how a myth can connect several timelines and generations through a perpetual and secluded landscape.

Diana Ciot-Monda: Jeg vil begynne med å takke deg for at du har gitt meg muligheten til å intervju deg. Du er en forfatter som er kjent og lest i Romania. Nylig ble boka *Det andre namnet – Septologien I-II* oversatt til rumensk. I tillegg har flere av skuespillene dine også blitt oversatt og satt opp på de rumenske nasjonalteatrene.

Jon Fosse: Takk for gode ord!

D.C.M: Myter gjennomgår hele tiden endringer, de får hele tiden en ny form avhengig av den litterære og kulturelle konteksten som forandrer dem. For eksempel har *gjenferdet*² gjennomgått en rekke omdannelser³. Nå er gjenferdene noe personlig, internalisert⁴. Hvorfor tror du at folk alltid vender seg til myter, tolker dem på nytt og omskriver dem i en form som tilpasses deres kontekst?

J.F: Det er nok slik du seier. Det finst heilt sikkert nokre basale forteljingar, eller brokker av forteljingar, som menneska har med seg gjennom tusen- og hundreår, og som blir forvandla slik og slik ut frå førestillingar som blir endra av historiske føresetnader. Gjenferdet, spøkelset eller skrømtet (med det gamle nynorskordet) – dei døde som på ein eller annan måte framleis er mellom dei levande, slik eller slik – er vel eit slikt mytisk bilete, ofte knytt opp til mytar, eller forteljingar.

Eg har aldri når dei levande og døde går mellom kvarandre tenkt at eg tolkar mytar på ein ny måte. Eg har rett og slett berre freista skriva, freista dikta, så godt og så sant eg kan. Og eg har nok vanskar med å definera den opphevinga av skillet mellom levande og døde som at det er snakk om levande menneske som møter spøkelse.

Eg har nok heller ei slags katoslk forestilling, kanskje prega av helgentrua, om at avstanden mellom dei døde og dei levande er mindre enn ein kanskje trur. Og at det kanskje også er kontakt mellom levande og døde på måtar vi ikkje kjenner til.

D.C.M: Synes du at landskapet kan være en utløser for kunstnerisk inspirasjon? Er det et element du alltid kommer tilbake til, uansett hvor du er?

J.F: Ja. Eg voks opp i eit lite bygdesamfunn ved Hardangerfjorden, i bygda Strandebarm. Det var eitt og eitt hus langs fjorden, somme av dei på små gardar, somme berre med ein hagefleck, og mellom dei, langsmed fjorden, gjekk ein smal bygdeveg. Alltid kunne bølgiene som slo mot fjøra høyrast, sterkare, svakare, langsame rørsler, raskare rørsler. Og så lys døgnet rundt om sommaren, og mørkt nesten heile døgnet om vinteren då berre lys kunne sjåast frå det eine huset

² skikkelse av en avdød som viser seg, spøkelse - «gjenferd». I: Bokmålsordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen. <https://ordbokene.no/bm/19762> (22.01.2023).

³ N. K. Chadwick analyserer i *Norse Ghosts (A Study in the Draugr and the Haugbúi)* hvordan den spesielle egenskapen til det nordiske gjenferdet er at det er eksterne, har sin egen kropp, men samtidig oppfattes det forskjellig fra region til region og fra ett verk til et annet (Chadwick 1946, 50-53).

⁴ Per Thomas Andersen forklarer i *Norsk Litteraturhistorie* hvordan mytologiske skapningene i norrøn litteratur er eksterne og uavhengige, sammenlignet med samtidslitteraturen (Andersen 2001, 11-71).

etter det andre. Og alt dette i eit mektig fjordlandskap med av høge fjell, det eine etter det andre. Og der på den andre sida av fjorden var fonna, Folgefonna, med sin evige is og snø.

I dette landskapet møtte eg språket, møtte eg verda. Det har prega meg og skrivinga mi fundamentalt. På ein måte skriv eg alltid frå dette landskapet sjølv om det aktuelle landskapet kan det vera annleis, til dømes kan vera ei gate i ein by. Bølgjenes rytme, lyset, mørkret. Stilla. Dei overveldande fjella.

D.C.M: Boka Det er Ales handler blant annet om visjoner om fortida, om å gjenoppleve og omtolke fortida (Fosse 2004, 5-75). Hvor kom idéen til denne boka fra?

J.F: Eg tenkjer aldri noko ut før eg byrjar skriva. Eg set meg berre ned og byrjar. Og er det ei god byrjing, så er på ein måte resten av teksten der alt. Eg skriv meg vidare, lyttar meg vidare med å lytta til det eg alt har skrive, men sjølv sagt òg gjennom så å seia lytta til det eg nett der og då skriv. Diktinga mi skriv seg sjølv, om eg skriv godt, så å seia. Eg har ei kjensle av at det eg skriv kjem til meg utanfrå, ikkje innanfrå. Og på eit visst stadium i skrivinga får eg ei kjensle av at teksten alt er ferdigskriven der ute ein eller annan stad, det gjeld berre for meg å skriva han ned før den forsvinn.

Det er altså ikkje slik at eg får idear til å skriva noko, og at eg så «skriv ut» desse ideane. I den mon det er idear i diktinga mi, så må dei syna seg etterpå. Ein kan heilt sikkert lesa idear ut frå Det er Ales. Men dei er ikkje uttenkte av meg. Og eg har nok også vanskar med å gjera greie for kva idear det kan vera.

D.C.M: Hele boka har en underlig melankoli. Asle ser alltid på fjorden, men det er aldri klart hva mysteriet bak landskapet er: “Og han ser mot Fjorden og den er ganskestille [...] og nå må han snu, gå heim att [...] han vil ikkje sjå mot henne, der ho star [...] han ser mot Fjøra.” (Fosse, utg. 2004: 24). Dette landskapet skaper også en bestemt melankoli, en nordisk melankoli⁵. Hvordan synes du at disse følelsene – melankoli og ensomhet, sammen med det spesifikke landskapet, gir opphav til et nytt begrep – nordisk melankoli?

J.F: Det er jo snakk om ein nordisk melankoli, men den er nok lettare å leggja merke til for ein som sjølv ikkje kjem frå Norden. For meg er det berre slik det er, om det no kan seiast slik. Det låg vel ei einsemd både i landskapet, og i relasjonane mellom menneska, i den bygda der eg voks opp. Og eg har nok både

⁵ I følge Anne Marit Waade i *Melancholy in Nordic noir: Characters, landscapes, light and music* blir begrepet *nordisk melankoli* i litteraturen like mye knyttet til landskapet og atmosfæren som beskrives, som det blir til forfatterens liv og stedet hvor hun\han vokste opp (Waade 2017, 4-7).

ei god og ei vond einsemd i meg. Slik eg også vel har ein både god og vond melankoli i meg.

Det er godt mogeleg både melankolien og einsemda har med både nordisk kultur og landskapet å gjera, det må det jo nesten ha. Men eg har vanskar med å seia så mykje om det.

Det er jo òg snakk om det nordiske lyset, og det er jo lettare å leggja merke til, å sjå korleis det for eksempel er ulikt lyset i Sentral-Europa.

D.C.M: Fortida⁶ har egenskapen å være spøkelsesaktig, å hemsøke. I *Det er Ales* blir man hemsøkt også av landskapet, ikke bare av fortida. Kan fjorden faktisk være en måte å kommunisere med fortida på, med forfedrene, en tunnel som forbinder fortid og nåtid?

J.F: Det stemmer nok det du der skriv. I diktinga mi er alltid fortida nær, så å seia ein del av noet, utan at eg opplever at det er noko «spøkelsesaktig» ved dette. Eg trur faktisk det er slik det er, at fortida er nær oss heile tida, både på måtar som kan merkast, og på umerkande måtar. I alle fall er det slik i diktinga mi.

Menneska er jo knytte til landskap, for eksempel til eit fjordlandskap, og landskapet blir på ein måte også berar av røynslar. Eg har ei hytte ved munningen av Sognefjorden, der det jo er eit historisk faktum at vikingskip ofte segla, og det kan av og til kjennast som om det er eit dirrande samband mellom landskapet slik eg ser det, Sognesjøen, og dei som gjennom hundre- og tusenår har ferdast der på sjøen.

D.C.M: Med tanke på leserne fra utenfor de skandinaviske landene, tror du at de kan forstå verkene dine på en annerledes måte?

J.F: Vanskeleg å seia noko om. All god litteratur kan tolkast og forståast på mange måtar, samstundes som det er noko definitivt og unikt som ufråkomeleg er i han. Det som er eit enkelt faktum er at diktinga mi blir forstått, og blir forstått svært djupt, i heilt ulike kulturar – i Tokyo og i Shanghai, i Paris og i Berlin og så vidare. Eg har sett produksjonar av eigne stykke så å seia over heile verda, og det er påfallande kor djupt det eg skriv kan forståast på heilt ulike stader. Stundom opplever eg det som om ein lengst borte skjønar det eg har skrive aller best.

⁶ Fjorden er et sentralt element i *Det er Ales*. Synnøve Vindheim Svardal fremhever i *Et rom som er skriftens eget: Gjentaelse og variasjon i Jon Fosses Det er Ales* at dette er et ledemotiv. Det er også et grunnleggende element som ligger i sentrum av hendelsene og atmosfære. Tida "tar og gir liv" rundt fjorden dom skapes rytmen til denne boka (Svardal 2008, 40-41).

D.C.M: Hvordan føler du deg når du leser oversettelser av bøkene dine? Synes du at stemningen er annerledes enn det du ønsket å formidle? I hvilken grad kan en oversettelse gjengi betydningen av en bok?

J.F: Eg les sjeldan og aldri omsetjingar, men eg har sett stykka mine spelte på mange språk, og eg har ofte vorte nesten forundra, som sagt, over kor djupt folk frå heilt andre kulturar kan forstå diktinga mi. Kanskje er det slik at det som er mest lokalt på eit vis også blir mest universelt?

Korleis det er med prosaen min er vanskeleg å seia noko om. Men eg vil tru at ein god omsetjar klarer å skriva det eg diktar på sitt språk, på den måte det er mogeleg å skriva det på i hans eller hennar kulturelle kontekst. Sjølv sagt lukkast det ikkje alltid, eg har også sett dårlege og misforståtte teaterproduksjonar, og eg er overtydd om at det finst dårlege omsetjingar av prosa og dikta mine, men det er noko anna.

D.C.M: Har du et favorittsted som du bruker for kreative prosessen din?

J.F: Eigentleg ikkje. Eg kan skriva kvar som helst. Det eg treng er ro og fred, og høve til minst ei veker samanhengande skriving. Men eg er nok, som sagt innleiane, alltid på eit vis til stades i det landskapet der eg voks opp, og som forma meg og språket mitt på grunnleggjande vis.

Diana CIOT-MONDA (August 2000, Bistrița) is a graduate of the Faculty of Letters specializing in Norwegian and English language and literature. Currently, she is a student at the European Master in Translation Studies and Terminology. She has written fiction and participated in the Literary Creation Camp "Lucian Blaga" from Arcalia in 2019. She was part of the "George Coșbuc" Literary Club, in Bistrița in 2021. A number of her short stories were published in the local journal "Anuarul Bârgăuan" (2019), as well as "Răsunetul Bistrița" (2021) newspaper. In 2022, she was awarded the 2nd prize in the Scientific Communication Session of Students. Email: dianaciotmonda03@gmail.com